



Innkalling  
av  
Valstyret

**Møtedato:** 05.05.2021  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 16:00 - kl. 17:00 etter formannskapsmøtet

Eventuelle forfall må meldast i Kaukus eller til Bente Skjerpung per tlf. 56192100, sms til 41586200 eller per epost til bente.skjerpung@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
013/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/21	Godkjenning av møtebok
015/21	Stortings- og sametingsvalet 2021 - utlegging av manntal, tidlegrøysting, førehandsrøysting og heimerøysting
016/21	Val av røystestyre for perioden 2020 - 2023

29. april 2021

Lars Fjeldstad  
utvalsleiar

Bente Skjerpung  
utvalssekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/21	Valstyret	PS	05.05.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	21/1145

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
014/21	Valstyret	PS	05.05.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	21/1145

## Godkjenning av møtebok

### Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 24.03.2021

Møteprotokoll frå vert godkjend.

### Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

# Møteprotokoll for Valstyret

**Møtedato:** 24.03.2021  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - Teamsmøte  
**Møtetid:** kl. 17:40 – kl. 17:45

Etter formannskapsmøtet

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Hjalti Heimir Gislason	H	Nestleiar
Lars Fjeldstad	SP	Utvalsleiar
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat**

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
008/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/21	Godkjenning av møtebok
010/21	Stortingsvalet 2021 førebels oppteljing av valtingsrøyster
011/21	Val av røystestyre for perioden 2020 - 2023
012/21	Stortingsvalet 2021 - mottak og handsaming av førehandsrøyster

### 008/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### 24.03.2021 VALSTYRET

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

**VS - 008/21 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

**009/21: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå vert godkjend.

**24.03.2021 VALSTYRET**

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 10.02.2021

**VS - 009/21 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå 10.02.21 vert godkjend.

---

**010/21: Stortingsvalet 2021 førebels oppteljing av valtingsrøyster**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Førebels oppteljing av valtingsrøystene vert halden i kretsane ved stortingsvalet 2021.»

**24.03.2021 VALSTYRET**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**VS - 010/21 VEDTAK:**

«Førebels oppteljing av valtingsrøystene vert halden i kretsane ved stortingsvalet 2021.»

---

**011/21: Val av røystestyre for perioden 2020 - 2023**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert vald følgjande medlemmer og varamedlemmer til røystestyra for perioden 2020 – 2023:

.....

Rådmannen får fullmakt til å oppnemne valmedarbeidarar til krinsane til støtte for røystestyra.

#### 24.03.2021 VALSTYRET

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde framlegg om Jarle Hanstveit som ny medlem i røystestyret for Valestrand krins.

Framlegget vart ikkje røysta over.

Ordføraren gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett til neste møte."

#### AVRØYSTING - utsetjing

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### VS - 011/21 VEDTAK:

"Saka vert utsett til neste møte."

-----

#### 012/21: Stortingsvalet 2021 - mottak og handsaming av førehandsrøyster

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Rådmannen får fullmakt til å oppnemna personell til mottak, handsaming og godkjenning av førehandsrøystene i samband med stortings- og sametingsvalet 2021. Vedtaket vert gjort i medhald av kommunelova § 13, 6. ledd."

#### 24.03.2021 VALSTYRET

#### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### VS - 012/21 VEDTAK:

"Rådmannen får fullmakt til å oppnemna personell til mottak, handsaming og godkjenning av førehandsrøystene i samband med stortings- og sametingsvalet 2021. Vedtaket vert gjort i medhald av kommunelova § 13, 6. ledd."

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Tone Mjelde og Hjalti H. Gislason

Lonevåg, 25.03.2021

Bente Skjerping  
utvalssekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/21	Valstyret	PS	05.05.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	21/54

## Stortings- og sametingsvalet 2021 - utlegging av manntal, tidlegrøysting, førehandsrøysting og heimerøysting

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«1. Ved valet 2021 vert manntalet lagt ut til offentleg ettersyn på desse stadene:

Valestrand krins:	Coop Extra Valestrandsfossen
Hauge krins:	Coop Extra Valestrandsfossen Extra Lonevåg
Lonevåg krins:	Extra Lonevåg
Fotlandsvåg krins:	Joker Fotlandsvåg
Haus krins:	Kiwi Haus
Bruvik krins:	Nærbutikken Bruvik
Hovudmanntalet (heile kommunen):	Osterøy rådhus, servicekontoret

2. Førehandsrøystinga til stortings- og sametingsvalet vert halde i Osterøy rådhus, i vestibylen 2. etasje, måndag – torsdag kl. 08.00 – kl. 16.30. Fredag kl. 08.00 – kl. 15.00. Torsdag 09.09.21 vert opningstida utvida til kl. 19.00. I tillegg vert det halde ope for røysting laurdag 04.09.21, kl. 10.00 – kl. 15.00.

3. Tidlegrøysting til valet, frå 01.07 – 09.08.21 vert halde i Osterøy rådhus, vestibylen i 2. etasje, innanfor ordinær opningstid.

4. Det vert halde førehandsrøysting etter avtale på institusjonen Osterøytunet. I tillegg vert det



**halde førehandsrøysting ved omsorgs-/eldrebustadene på Valestrand, Lonevåg, Hosanger, Fotlandsvåg og Haus og på Osterøy vidaregåande skule.”**

## **Saksopplysningar:**

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

I samband med stortings- og sametingsvalet i september må valstyret ta stilling i spørsmål knytt til organisering og gjennomføring av valet. Dette gjeld m.a. utlegging av manntal, organisering av tidlegrøysting, ordinær førehandsrøysting og heimerøysting.

#### *Utlegging av manntalet til offentleg ettersyn*

Vallova § 2-6, pålegg valstyret å leggja manntalet ut til offentleg ettersyn så snart det ligg føre, og det skal liggja ute til og med valdagen. Utlegginga skal kunngjerast med informasjon om korleis ein går fram for å krevja eventuelle feil retta.

Manntalet vert produsert etter 30. juni og viser kven som har røysterett ved stortingsvalet, kva kommune du er manntalsført i og kva krins du høyrer til. Desse opplysningane vil også framgå av valkortet som ved dette valet vert sendt ut digitalt. På valdagen kan du berre røysta i den kommunen du er manntalsført.

Tidlegare praksis har vore å leggja hovudmanntalet til ettersyn i servicekontoret i rådhuset, og krinsmanntala har vore lagde ut på butikken på Bruvik, i Haus, Valestrand, Lonevåg, Fotlandsvåg og Tysse.

#### *Tidlegrøysting frå 01. juli*

Ved tidlegare val har det vore mottak for tidlegrøyster i Osterøy rådhus. Omfanget av tidlegrøysting har ikkje vore stort, og mottak i rådhuset har fungert greitt og ein rår til å halda fram med denne organiseringa. Tidlegrøysting er meint som eit tilbod til veljarar som ikkje har høve til å røysta korkje ved den ordinære førehandsrøystinga eller på valdagen. Tidlegrøysting pågår fram til ordinær førehandsrøysting startar 10. august.

#### *Førehandsrøysting*

Valstyret har ansvar for gjennomføring av førehandsrøystinga ved stortings- og sametingsvalet, og avgjer kvar førehandsrøystinga skal foregå og kva opningstider ein skal ha.

Førehandsrøystinga startar tysdag 10. august og varer til fredag 10. september, og ved tidlegare val har denne vore lagt til rådhuset av praktiske omsyn. Bygget er lett tilgjengeleg med god parkering og lokala er lyse og har bra storleik. Lokalet har internett tilgjengeleg og det er tilgang til datasystem for utskrifta av valkort m.v. I tillegg nyttar ein personalet i bygget til å ta i mot førehandsrøystene så langt det er råd. I periodar med stor pågang må ein i tillegg leiga inn personell til førehandsrøystinga i rådhuset, samt til å ta imot røyster på institusjonar og heime hos folk.

Ved valet til hausten er det fortsatt usikkert korleis koronasituasjonen vil vera, og ein må difor ta atterhald om smittevernsomsyn kan medføre auka behov for personell, samtidig som smitteutbrot og mange i karantene kan gjera det enda meir utfordrande å få tak i personell.

Fleire og fleire førehandsrøyster ved val, og særleg ved stortingsval har det vore mange som førehandsrøyster. Ved valet i 2017 hadde ein over 1400 førehandsrøyster og ved lokalvalet i 2019 var

det over 1600, medan det i 2015 var godt under 800. Ein må rekna med at denne utviklinga held fram og at kapasiteten på mottak av førehandsrøystar må aukast.

#### *Førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar og andre stader*

Ved tidlegare val har ein hatt førehandsrøysting på følgjande instisjonar/stader:

Osterøytunet, omsorgs- og eldrebustadene Valestrand, Lonevåg, Hosanger, Fotlandsvåg og Haus og på Osterøy vidaregåande skule.

Ved førehandsrøysting på institusjon og ved ambulerande røysting (heimerøysting) skal det vera minst to røystemottakarar til stades.

Veljarar som grunna sjukdom eller uførleik ikkje kan røysta på vanleg måte, kan etter søknad til valstyret få førehandsrøysta der dei oppheld seg. Ved stortingsvalet 2021 er fristen for å søkja om heimerøysting fastsett til kl. 10.00 fredag før valdagen, jfr. vallova § 8-3 b.

Fristen skal kunnngjerast.

Same frist gjeld og for veljarar i karantene grunna Covid-19.

Veljarar som er i isolasjon grunna Covid-19 kan etter søknad få røysta der dei oppheld seg, jfr. ny § 9-6 a. Søknad skal vera komen inn til kommunen innan kl. 10 på valdagen. Søknadsfristen skal kunnngjerast. Desse røystene kan mottakast laurdag og søndag før valdagen og på valdagen

#### **Vurdering**

Hovudmanntal og krinsmanntal vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med tidlegare praksis.

Tidlegrøysting og ordinær førehandsrøysting vert lagt til rådhuset slik at ei mest mogeleg kan nytta fast personell til mottaket. Grunna situasjonen med Covid-19 og mogleg auka pågang for førehandsrøysting, er det foreslått lengre opningstider ved dette valet slik at ein så langt råd er kan unngå kø og dermed lettare ivareta smittevernomsyn.

Førehandsrøysting på institusjon og omsorgs-/eldrebustader vert gjennomført som ved tidlegare val.

Det må leggjast til rette for førehands- og valtingsrøysting grunna Covid-19 for veljarar i karantene eller isolasjon.

Folkehelse	-	ikkje vurdert i saka
Miljø	-	ikkje vurdert i saka
Økonomi	-	ikkje vurdert i saka

#### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valstyret til behandling og vedtak.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/21	Valstyret	PS	24.03.2021
016/21	Valstyret	PS	05.05.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	21/334

## Val av røystestyre for perioden 2020 - 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert vald følgjande medlemmer og varamedlemmer til røystestyra for perioden 2020 – 2023:

.....

Rådmannen får fullmakt til å oppnemne valmedarbeidarar til krinsane til støtte for røystestyra.

## Valstyret - 011/21

### VS - behandling:

Ragnar J. Tysebotn, FRP, gjorde framlegg om Jarle Hanstveit som ny medlem i røystestyret for Valestrand krins.

Framlegget vart ikkje røysta over.

Ordføraren gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett til neste møte."

### AVRØYSTING - utsetjing

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### VS - vedtak:

"Saka vert utsett til neste møte."

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det må veljast nye røystestyre for inneverande valperiode, d.v.s. for stortingsvalet 2021 og kommunestyre- og fylkestingvalet 2023.

Det er sendt brev til medlemmer og varamedlemmer i røystestyra ved valet i 2019 der dei vert bedne om å stadfesta om dei ynskjer val for ny periode eller ikkje. Det er bra å ha litt kontinuitet i røystestyra, slik at ikkje alle blir skifta ut samstundes.

For valet gjeld reglane i kommunelova § 7-2 om kven som kan veljast og at vedkomande må gi samtykke til å stilla til val. Representasjon frå begge kjønn og administrativ kompetanse er viktig å ha med i røystestyra.

Ved valet i 2019 hadde røystestyra slike medlemmer og varamedlemmer:

#### **Bruvik krins**

##### **Medlemmer**

Kristin-Merethe Nøttveit, leiar  
Svein Bruvik, nestleiar  
Asbjørg Karin Ågotnes  
Ole Johan Faugstad

##### **Varamedlemmer**

1.Laila Fanebust Helle  
2.Jorunn Hermansen

Kristin-Merete Nøttveit stiller ikkje til attval. Svein Bruvik er flytta frå kommunen og går ut. Asbjørg Ågotnes, og Ole Johan Faugstad har begge takka ja til attval.

#### **Haus krins**

##### **Medlemmer**

Astri Margrethe Riple Ådland, leiar  
Øystein Borge, nestleiar  
Ottar Borge  
Ragna Thunestvedt  
Marit Velure Andersen

##### **Varamedlemmer**

1. Ingvald Ådland  
2. Knut Riple  
3. Mariann Nessestrand Mjøs  
4. Åge Nordås

Ingvald Ådland og Mariann Nessestrand Mjøs har begge takka ja til å stilla til attval. Ingen av dei andre medlemmene/varamedlemmene har så langt takka nei til å stilla til val.

#### **Hauge Krins**

##### **Medlemmer**

Steinar Reigstad, leiar  
Tone Daltveit Mosevoll, nestleiar  
Roald Hauge  
Randi Birkeland

##### **Varamedlemmer**

1. Arne Dag Kleiveland  
2. Ingunn Marie Rød Vesterheim

Steinar Reigstad, Arne Dag Kleiveland og Ingunn Marie Rød Vesterheim har takka ja til å stilla til attval.

Ingen av dei andre medlemmene/varamedlemmene har så langt takka nei til å stilla til attval.

#### **Lonevåg krins**

##### **Medlemmer**

Rune Solberg, leiar  
Kari Brekke, nestleiar  
Jorunn Jacobsen  
Kristin Hanstvedt Bergan  
Marit Hovden

##### **Varamedlemmer**

1. Irene Fanebust Eknes  
2. Gerd Kari Njåstad  
3. John Solberg

Rune Solberg har takka ja til attval som leiar. Kari Brekke, Marit Hovden og John Solberg har takka ja til å stilla til attval.

Ingen av dei andre medlemmene/varamedlemmene har så langt takka nei til å stilla til attval.

### **Fotlandsvåg krins**

#### **Medlemmer**

Bente Gro Dammen, leiar  
Kristin Ruud Myking, nestleiar  
Egil Hjelmbrekke  
Hildegunn Karlsen Grøtte  
Kari Nordås

#### **Varamedlemmer**

1. Linda Bjørndal  
2. Lars Magne Bysheim

Egil Hjelmbrekke har takka ja til å stilla til attval.

Ingen av dei andre medlemmene/varamedlemmene har så langt takka nei til å stilla til attval.

### **Valestrand krins**

#### **Medlemmer**

Ove Håland, leiar  
May Elin Haugland, nestleiar  
Jens Brakvatne  
June Eikeland  
Bente Elvik

#### **Varamedlemmer**

1. Hein Rune Tøsse  
2. Jørgen Håland  
3. Malin Høvik

Ove Håland og June Eikeland har takka nei til å stilla til attval. May Elin Haugland stiller sin plass til disposisjon for ny medlem.

Ingen andre dei andre medlemmene/varamedlemmene har så langt takka nei til å stilla til attval.

### **Vurdering**

Koronasituasjonen gjer det vanskelegare å vurdera behovet for medlemmer og varamedlemmer i røykestyra. Sjølv om det etter planen skal vera mange som er vaksinerte i god tid før valet, må ein likevel ta høgde for at det kan oppstå situasjonar med smitte og karantene. Korleis dette best kan løysast er fortsatt usikkert, men det er viktig å ha reservepersonell som kan gå inn på valdagen. Desse må på førehand ha gjennomgått opplæring.

Dersom rådmannen har ein «pool» med valmedarbeidarar, kan desse setjast inn den krinsen det er behov. Fram mot valet må ein vurdera situasjonen og velja løysingar og tiltak ut frå kva sentrale mynde tilrår. Det er og naturleg å sjå på korleis andre kommunar løyser dette.

Folkehelse - følgja eigen smittevernrettleiar for gjennomføring av valet og ha nødvendige smitteverntak

Miljø - ikkje vurdert i saka

Økonomi - det er lagt inn midlar i budsjettet til gjennomføring av valet, men ekstrakostnader som måtte følgje av ekstra smitteverntiltak er ikkje teke høgde for.

**Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valstyret for val av medlemmer og varamedlemmer til røystestyra.